

Referat

Møte i Arbeidsgruppa 9.6.2010

Stad: Kommunehuset, Vinje kommune, Åmot

Frammøtte: Arne Kjellsen (fylkesmannen), Olav Bjørn Bakken (Tokke kommune), Jostein Kristiansen (Statkraft), Helge Kiland (sekretær).

Forfall: John Kleiv og Marilyn Marskar hadde meldt forfall til møtet. Jon Tvittekkja var sjukmeldt.

1. Referat frå møtet i arbeidsgruppa 13.4.2010

Det var ingen merknader til referatet.

2. Referat høyringsuttale GM Service masseuttak i Kjelaåi

Fylkesmannen har tilrådd at drifta av masseuttaket må opphøyre.

Saka vil bli lagt fram for behandling i Plan og miljøutvalet i Vinje kommune 16. juni. Innstillinga frå rådmannen er at masseuttaket er i strid med kommunedelplanen for Edland/Haukeli. I høyringsuttala blir elles tilrådinga frå Kraftutvalet 12.5. og saksframstillinga for PM utvalet lagt til grunn.

Uttalen frå Kraftutvalet er sendt direkte til NVE, som også er varsla om møtet i PM utvalet 16.6.

3. Hovdestadmogen avfallsdeponi

Det er tilsynelatande noko motstridande opplysningar om situasjonen for deponiet. Renovest meiner dei ikkje har noko ansvar for deponiet, anna enn for sorteringsanlegget. Kommunen meiner dei har søkt om avslutningsplan, og at planen ventar på godkjenning hos Fylkesmannen. Fylkesmannen har gitt avslutnings- og etterdriftsløyve for deponiet, men det er ikkje blitt noko endeleg avklaring på korleis tiltak skal gjennomførast. Dette bør likevel ikkje vera til hinder for at kommunen på eige initiativ gjennomfører tiltak for betre tilhøva i området. Arne Kjellsen vil undersøke nærare med Miljøvernavdelinga.

4. Kloakkleidning ved Austbø hotell

Leidningen frå hyttefeltet ved Rauland skisenter med meir gjekk i vinter tett før pumpestasjonen nedanfor Austbø hotell. Det resulterte i at eit kumløkk tidlegare på leidningen lyfte seg opp og kloakken fløynde nedover mot Lognvikvatn. Grunneigarane i området ordna opp sjølve og sende rekning til kommunen. Fylkesmannen har bedt om rapport om hendinga. Oppsitarar i området har fått krav frå kommunen om anleggsbidrag. Det bør føre til ei snarleg rehabilitering av den eldste delen av kloakkleidningen.

Det blir meldt om at det framleis luktar kloakk. Ein foringsplass for storfe ligg uheldig til med omsyn til avrenning av gjødsel i bekk til Lognvikvatn.

5. Overvakingsprogrammet for 2010

Ein gjekk igjennom Fylkesmannens forslag til stasjonar og prøveparametrar. Stasjonsnummereringa blei justert i samsvar med tidlegare nummerering:

Nr	Stasjon	Type	Fys/kjem	Bakt	Påvekst	Botndyr	Plankton	Høgare vegetasjon
1	Tokkeåi	B	x	x	x	x		
6	Tokkeåi	C	x	x	x	x		
7	Tokkeåi	C	x	x	x	x		
13	Grungevatn	C	x	x	x	x		
14	Grungevatn	C	x	x	x	x		
15	Tveitevatn	B	x	x	x		x	x
16	Kjela	C	x	x	x	x		
17	Bora	C	x	x	x			
23	Eivindbuvatn	C	x	x	x	x		
26	Tokkeåi	C	x	x	x	x		
28	Totak	B	x	x			x	
30	Tansåi	C	x	x	x	x		
31	Tansvatn	C	x	x			x	x
32	Lognvikvatn	C	x	x			x	x
33	Sauråi	C	x	x	x	x		
34	Liåi	C	x	x	x	x		
35	Sauråi rv 37	B	x	x	x	x		
37	Farhovdtjønna	C	x	x		x		
41	Bora 2	C	x	x	x			
43	Tveitevatn	C	x	x				
44	Grungevatn	C	x	x				
Ny	Tokkeåi bak Qmatek	C		x				

A = Basisovervaking, B = Tilstandsovervaking lang tidsserie, C = Tilstandsovervaking/problemovervaking

Undersøkingar bestilt og dekt av Statkraft:

Tokkeåi frå Lio kraftverk og ned til Bandak + referansestasjon ovanfor Lio (2010 -2012). Fisk og botndyr.

Bandak (2010). Fisk.

Grungevatn og Tveitevatn (2010). Fisk.

Førsvatn (2010). Fisk.

Kostnader (forslag):

Sum overvakingsprogrammet 2009 (kostnadsoverslag): Kr 435 000. Ramme 2010 kr 400 000 (forslag i arbeidsgruppemøte 13.4.2010). Forslag på grunnlag av program 9.6.2010: Kr 300 000.

Fordeling: Fylkesmannen 37 % (kr 110 000), Vinje kommune 33 % (kr 100 000), Tokke kommune 10 % (kr 30 000), Statkraft 20 % (kr 60 000).

I mangel av forslag til rammeplan frå BTV Innkjøp blei det vedteke at Tokke-Vinje vassområde skal vera oppdragsgjevar for overvakingsaktiviteten i 2010. Det blir satsa på 3 prøverundar, med same oppdragstakar som tidlegare. Helge Kiland syter for oppdragsavtale.

I avtala om oppdraget var det eit krav at resultat blir lagt inn i Vannmiljø. Dette blir etterlyst for 2008 og 2009. Det skal vidare vera ein klar føresetnad i avtala for 2010.

6. Fullkarakterisering (slutføring) av vassførekomstar

Arne Kjellsen undersøker med Stalsberg i NVE (Vann-nett) om behov. Kiland og Kjellsen ser nærare på den karakteriseringa som er gjort. Det er neppe tale om store endringar.

7. Vidare oppfølging av forvaltningsplanen/tiltaksanalysen

Faun (Kiland) sin rolle som pådrivar held fram ut dette året. Kommunane må lage detaljert plan for oppfølging innan sine ansvarsområde. Fylkeskommunen vil etter kvart ta rolla som pådrivar. Det må bli eit tema for møtet i arbeidsgruppa til hausten, der fylkeskommunen og rådmennene bør vera med.

8. Eventuelt

Direktoratet for naturforvaltning må koplast inn for tiltak mot at gjedda skal spreie seg til Vestvatna/Bandak. Nils Henrik Semb vikarierer for Finn Johansen som fiskeforvaltar i Telemark.

Neste møte i Arbeidsgruppa er inntil vidare bestemt til 21.9.2010, på Dalen.

Fyresdal 10.6.2010



Helge Kiland